

Protokoll styremøte 3/26

Laurdag 6. juni - søndag 7. juni
Stad: Havila Hotel, Geiranger

Tilstades frå regionstyret:

Bernt Reed, Gry Sissel Sagen, Marianne Lilleby, Nils Reed, Stig Piel og Torstein Hamrebø

Ikkje tilstades:

Aina Brendsdal Forthun. Vara Torstein Hamrebø stilte for Aina i møtet.

Tilstades frå administrasjonen:

Erlend Lambrechts Trovåg og Elin Rekdal Skogstad

Saker

Saksliste - del1 vedtakssaker

Saksnr.	Sakstittel
13/2026	Aktivitetsplan 2027 - 2028
14/2026	Rekneskap og årsrapport
	- <i>Rekneskap 2025</i>
	- <i>Årsrapport 2025</i>

Saksliste - del 2 drøftingssaker

Saksnr.	Sakstittel
15/2026	Distriktsmøter
16/2026	Representasjon sommarkurs

Saksliste - del 3 orienteringssaker

Saksnr.	Sakstittel
17/2026	Oppdatering frå kontoret
18/2026	Orientering frå styreleiar
19/2026	Økonomistatus pr.31.05.
20/2026	Orientering om arbeidet med kulturkrinsane
21/2026	Status på Ungdomsløftet
22/2026	Kommunikasjonsstrategi

Godkjenning

Innkalling

Innkallinga vart sendt på epost til regionstyret 29. Mai -26 saman med møteinvitasjon med Teams-lenke til gjestar som skulle delta digitalt i delar av møtet.

Vedtak: Godkjent.

Sakliste

Sakliste med vedlegg vart sendt ut på epost til regionstyret 29. Mai - 26. Til neste gong vil dagleg leiar tilrettelegge for at sakspapir og protokoll blir sendt ut tidlegare.

Vedtak: Godkjent.

Del 1 - vedtakssaker

Saksnr. 13/2026 Aktivitetsplan 2027 - 2028

Saksopplysingar:

Aktivitetsplan 2027 og 2028 vart gjennomgått i møtet og møtestruktur for regionstyremøta framover vart lagt inn i aktivitetsplanen.

Vedtak: Godkjent.

Saksnr. 14/2026 Rekneskap og årsrapport

- *Rekneskap 2025*
- *Årsrapport 2025*

Saksopplysingar:

Rekneskap 2025 vart gjennomgått. Rekneskapsåret 2025 viser eit negativt årsresultat på kr. - 209.037,- Eigenkapitalen har vorte redusert med tilsvarende sum, og ny eigenkapital er no på kr. 2.051.024,-

Regionstyret vurderer økonomien i NMF Nordvest som utfordrande. Regionen har bygd opp ein berekraftig eigenkapital som styret ser seg nøgd med, men det er bekymringsverdig at årets resultat spis av eigenkapitalen. I tillegg til at driftskostnadane har auka har driftsinntektene minka, spesielt på tilskotssida. Styret vil prioritere å jobbe for ein berekraftig økonomi i åra framover.

Årsrapporten vart gjennomgått.

Vedtak: Godkjent.

Del 2 - drøftingssaker

Saksnr. 15/2026 Distriktsmøter

Saksopplysingar:

Regionstyret har tidlegare bestemt at distriktsmøta skal vere digitale medlemsmøter og at det vil bli fastsett dato for minst eit møte i halvåret. Målet med dei digitale møta er å opne for flest mogleg deltaking og at møta ikkje vert geografisk avgrensa. Ved å opne for korpsmedlemmer, dirigenter og styremedlemmer frå heile regionen er målet at regionen kan bli meir samla og kunne oppleve nytte av å dele erfaringar med kvarandre. Neste digitale medlemsmøte er planlagt 18. oktober kl. 19.00.

Vedtak: Regionstyret fortsett med digitale medlemsmøter i staden for distriktsmøter, med eit intervall på eit medlemsmøte pr. halvår. Neste møte vert på Teams 18. oktober kl. 19.00.

Saksnr. 16/2026 Representasjon sommarkurs

Saksopplysingar:

Regionstyret fordelte arrangementa mellom seg i møtet, og landa på følgjande plan for representasjon på årets sommarkurs:

Representasjon sommarkurs 2026			
Dato	Arrangement	Sted	Representasjon
11. - 14. juli	Grått kurs Janitsjar	Ørsta	Stig Piel, Marianne Lilleby og Gry Sissel Sagen
16. - 19. juli	Grått kurs Brass	Ørsta	Torstein Hamrebø
2. - 8. august	Musikkveka	Ulsteinvik	Bernt Reed
3. - 7. august	SommerPULSE	Ålesund	Bernt Reed
3. - 8. august	Rødt kurs	Nordfjordeid	Aina Brendsdal Forthun
5. - 8. august	Gult kurs	Nordfjordeid	Aina Brendsdal Forthun

Vedtak: Plan for representasjon vert godkjent.

Del 3 - orienteringssaker

Saksnr. 17/2026 Oppdatering frå kontoret

Saksopplysingar:

Regionen jobbar med førebuingar til årets sommarkurs og det er god påmelding i år, spesielt til Gult kurs og Musikkveka. I Nordfjordeid vil vi i år innføre «foreldredialogen», som skal vere eit informasjonsmøte til foreldre før hentekonserten. Dagleg leiar er med i utviklings- og evalueringsteamet i Ungdomsløftet nasjonalt og i den forbindelse har regionen vald å koble seg på nokre av korpsa som har starta med Ungdomsløftet i år. Ved involvering og erfaringsdeling vonar vi at Ungdomsløftet vil kunne bli eit godt og fruktbart tilbod til korpsa i regionen vår.

Vedtak: Informasjonen vert teken til vitande.

Saksnr. 18/2026 Orientering frå styreleiar

Saksopplysingar:

Regionstyreleiar orienterte om ei sak som tidlegare var innmeldt til landsmøte 2018, vedrørende honorar til tillitsvalde på regionnivå. Saka den gongen vart tilrådd vurdert i samband med føreståande sak om økonomimodellen i forholdet mellom regionalt og nasjonalt nivå. Sidan då har ikkje saka vorte behandla i regionen, og det er no ønskeleg å få ei felles retningslinje nasjonalt som gir like føringar for alle regionane.

President Tron O. Bamrud ønsker å ta opp dette som eiga sak i forbundsstyret, så regionstyret vil vente til saka er ferdig behandla i forbundsstyret før vidare behandling i regionstyret.

Vedtak: Informasjonen vert teken til vitande.

Saksnr. 19/2026 Økonomisk status pr. 31.05

Saksopplysingar:

Dagleg leiar informerte om økonomisk status pr. 31.05. Administrasjonen vil sjå på oppsettet for periodisering til neste gang.

Vedtak: Informasjonen vert teken til vitande.

Saksnr. 20/2026 Orientering om arbeidet med kulturkrinsane

Saksopplysingar:

Torsdag 10. juni er det skipningsmøte for Møre og Romsdal kulturkrins og Marianne Lilleby som sit som nestleiar i Møre og Romsdal kulturkrins skal delta i møtet saman med dagleg leiar. I Vestland kulturkrets gjekk Aina Brendsdal Forthun ut av styret, medan dagleg leiar gjekk inn i styret som representant for NMF Nordvest. Evalueringa av kulturkretsane er framskynda til å gjennomførast allereie våren 2027.

Vedtak: Informasjonen vert teken til vitande.

Saksnr. 21/2026 Status på Ungdomsløftet

Saksopplysingar:

Denne saka vart gått gjennom saman med årsrapporten. Det er gjennomført møte i Evaluering- og utviklingsteamet, der ein m.a. har sett på medlemsutvikling. Funn viser ei betre utvikling blant korps som deltek i Ungdomsløftet, og ein høgare andel 13-15 åringar i dei korpsa som har vore med.

Vedtak: Informasjonen vert teken til vitande.

Saksnr. 22/2026 Kommunikasjonsstrategi

Saksopplysingar:

Med bakgrunn i NMF Strategidokument 2026 vedteke på Landsmøtet i april 2026 er ny kommunikasjonsstrategi no utarbeida og blir behandla på forbundsstyremøte 12. Juni. Kommunikasjonsstrategien skal tydeliggjere korleis organisasjonens verdiar skal følgast i praksis i det daglege arbeidet og i kommunikasjonskanalar ut mot korpsa i regionen.

Vedtak: Informasjonen om ny kommunikasjonsstrategi vert teken til vitande.

Bernt Reed
styreleiar

Elin Rekdal Skogstad
Dagleg leiar